

OM GAMLE REISKAPAR

Eirik Småbrekke

Frå gamalt av hadde Småbrekke kvern og kvernhus i Fossen, Kvernafossen Murane til kvernhuset til Rødland står att endå.

Der var og vassdrivne slipesteinar. Rødland hadde og sin. Eg har slipt mykje på vår, frå midten av 1930 åri då godfar ikkje var god til meir, til 1942 då me fekk straum.

Ein gong kunne det gjenge gale med gamle Nils A. Rødland. Han hadde eit langt skjerf om halsen og grotten tok til å vava det om seg. Men til all lukka so hadde Nils åndsnærverelse til å kappa det med ljåen før han vart snord nedåt.

I gamle dagar so delte dei høyståli opp i seksjonar oppe i frå. Dette for alltid å ha tilgang på godt høy. Dei skar det med høykniv. Dei drog stråi ut med høykrok. Dei trudde høyet skulde verta drygare då. So viska (riste) dei det opp og la det i ei vidjekjessa, og bar det til beisti. Høyfreet tok dei godt vare på. Millom anna så kokte dei graut til grisens av det. Dei selda det i eit heresåld. Eit reiskap med fin netting i botnen, og ei breid hjor rundt. Mattryglen til grisens kalla dei for grisatryglen eller grisastokken.

Me hadde også ei kråkeskrella. Ho vart nytta til å jaga smalen med.

Ein gong ramla høystålet ned over Nils. Og han vart liggjande under med broten fot. Det gjekk ei god stund før dei fann han.

I gamle dagar slo dei mykje med stuttov både på bøen og i marki. Dei hadde mange stuttovar (25-30). Ljåni var bundne til orvi med vidjer av små bjørkeryningar, og stramma til med ein bløy. Alt dette bar dei med seg til slipesteinen, og på slåtteteigane. 4-5 løypestrenger har vore i bruk til både høy og ved. I Nos var det ein streng øvst. Og frå han måtte dei byta høybyrdene over på den neste (nederste). Høyet måtte bærast på ryggen til stengane i marki. Og mykje høy bar dei på bøen og. Då dei fekk hest, køyrdet dei på tremeiaslede. Høystakkar hadde dei mange stader i utmarki (heilt til fjells). Dei støyrde ei stor stong ned i bakken. Og om kring henne la dei høyet slik at stråi veita vatnet ut. På toppen pressa dei ei stor myrtorva nedover stongi godt ned mot høyet.

I marki turka dei alt høyet flatt (på bakken), men på bøen laut dei hesja når veret var därleg. Dei slo fleire gonger i kvar hes. Det som var lengst kome fyrst. - Far smurde linolja på ein stor lerreftsduk, som me hadde til telt, når me slo i marki. Eg minnest at me hadde 70 faste hesjar på bøen.

Når det var lange bolkar utan turkever, og karane berre slo, so kunde det verta storhøyning når endeleg veret kom. På Rødland seiest det at dei høya 70 byrdar på ein dag.

Dei hadde mineborar, feislar, viskarar, snulyklar og skvett-tvoger.

Dei hadde spett i 3-4 storleikar. Og store trestenger til å riva opp store steinar. Om hausten skvette dei vatn på dei, og let steinane skrida nedover dei frosne bakkane.

Dei hadde drog (til å køyra ved i bratte bakkar), vedasledar, steinaslede, mykjesledar, høysledar. Til dei flestre av desse hadde ein både kjettingreistar og reistar av vidjer.

Dei brukte kiper og fjølatrog. Og andre større og mindre trog uthola or store kubbar. Det var vambatrog, slaktetrog, saltetrog og det største til å lauga smalen i.

Godfar hadde ei høyhakke-maskin for handakraft. Og so laga han seg smiegreier. Han laga ein avl, og borde hol i ein kleberstein. Gjennom den fekk han luft frå ei vifta som han trødde med foten (snor om eit stort hjul og ei liti trinsa).

Når dei skulde skaffa seg passelege mursteinar, so borde dei ei rad hol halvt ned i steinen. I desse holi sette dei nedi sprengkilar. Desse slo dei nedi til steinen sprakk. Dei hadde og hellekilar. Dei var lange og tunne som ljå. Når dei skulde mura (vegar og hus), brukte dei ein «steinabjørn», han gjekk på trerullar. Det var ein sterk fleke som dei spetta fram på treplankar. Dei hadde steinhamrar i ymse storleikar. Pukkhamrar, liti sleggja, stor sleggja og stor trekubba til å banka torver med.

Når dei køyrdde store vedlass til Dale, laga dei til ein frihjulsdoning med eit hjulpar framme og eitt bak. So hengde dei ein stige under akslingane, som dei la veden på.

Dei beita og skov mykje til kyrne, beit av bjørk, og skav av raun, selja og hegg. Dei logga og bjørkegreiner. Dei brukte sigdar og skavljåar. Godfar brukte bandakniv til å skava kveikslespon til kveiksla i omnen. Bandakniven var større og sterkare. Øksar hadde dei i mange storleikar og sortar. Og kløyvekilar av tre og jarn.



Løyping av høybøra.

Foto: E. Småbrekke



Peder Småbrekke styrer hesteslåmaskina som Vossavinsjen drar.

Foto: E. Småbrekke

Dei kjøpte seg byratog. Og far laga hovolder. Emni var helst av passeleg tjukke heggerynningar. Han hadde ein stor portomn, og bak i han vermnde han dei opp, og svøydde dei til i ei form. Han laga og triuabogar på same måten. Før hestane fekk jarngrugar, gjekk dei på trugar av trebogar og vidjer.

Springen fraus ofte om vintrane. Då tina dei med å føra ein gloande bolt inn i røyri nede i floren og so hadde dei salt i røyri oppe i brunnen. Far laga halvautomatiske drikkekar til kyrne. Og godfar laga ein spesialklave til kyr som vilde syga seg. Alle attlat på florsdørane var treklinker. Andre lås rusta sund.

Dei halvsola skorne sine sjøve. Eg har att både syllar, pliggar, solelær, lærkniv og rasp.

Var det vanskeleg føre, kunde dei bruka opp til ein heil sekk med vidjetruger til hesten på ein Daletur. Det vart difor eit stort framsteg då dei fekk jarngruger. Dei skodde øykene sjøve. Hestskotongi var kjøpt, men godfar laga sjølv hamaren. Dei hadde 2 hestaseler; besteselen og arbeidsselen. (Hesteselen er arbeidsklærne til hesten, sa byguten.) Dei laga bekatråd med grisabust i enden. Dei sydde duble reimar til selane. Og so sydde dei lodneskor. Dei brukte ei klommer til å halda.

I eldhuset hadde dei skjeringar. Men i kjellaren var det stor vaskekomfy med storegryta og stor bakstehella. Dei hadde og fljå-gryter og djupegryter. Og stor koparkjel.

Dei sette mykje snarer, helst for rjuper men og for storfugl og hare. Dei laga skiene sjøve, og tjørebredde dei godt. Endå sleit godfar ut eit par for året. - Ein dag fekk dei 70 rjuper.

Det kom tidleg båt i Moavatnet. Eigaren var ein engelskmann. Han vart ihel-spennt av ein hest, men båten vart værande her.

Alle mjølkekjerald var av tre: mjølkebytter, rjomekoller, rjomembrarar, sjyrstemer, smørembarar, små, midels og store sårar. Ein gut ynskte at han var tapp i rjomeembaren. Dei hadde både staukekinner og sveivekinna.

Dei losta. Nevri brukte dei til taktekking. Og borken selde dei. På løskukken står endå ein halvferdig svarvestol (dreiebenk). Til å hakka kornet ned med hadde dei ei grov treriva med tjukke jarntindar. Møkjestyng var ein smekker kluftastaur som dei brukte til å moka hestamøk med. Til kyramøk brukte dei reker, eit langt skaft med ei tverrfjøl nede. Mjølkekraakkane var av tre. Ein bykar spurde ei buddeia om ho hadde vølt (vaska) smøret med nevane. - Nei, eg brukte lortareko, sa ho. Og han var visst nøgd med svaret.

Godfar hadde samla seg nokso mykje snikkarverktøy. Allslags hevlar (rundhevlar, hjulhevlar, pusshevlar, og større, storehevelen og ikkje å gløyma tomannshevelen. Han hadde treskojarn, treskoskjei, teksla og skylp. Mange slags øksar til inne- og utebruk. Og ditto sager. Mangslags spadar og greiper og jarnriva. Ei liti talja til å heisa på skukken med, er enno i bruk. Og eit lite apparat til å tvinna tog med, har eg funne.

Godfar hadde allslags navrar. Frå den minste spikarbor til storenavaren (1-toms). Og han skaffa seg nokre metalborar.

Me har bom, og ein gamal vevrei (vevstol) med det som hører til. Dei fiska mykje med liner, og salta ned til vetramat.

Gjerdematrialet deira var stein, torv og risved. Men no visar det ikkje mykje att av desse gardane. No brukar me netting og elektrisitet.

Like før krigen tok me til å «pløya med snor». Det vil seia at hesten gjekk etter vegane. Og med ein streng som gjekk gjennom ei blokk drog han plogen rett oppetter bakkane. Før me fekk treremar i smal-floren, var det eit heilt arbeid å hakka dei hardtrakka smalagardane. Men so tok eg å laga ei motordrivi hakka til dette bruket. Eg laga og ein snøplog, som hesten drog. Den brukte me til mykjebrauter på bøen, og litt i skogen. Han førde snøen frå øvre sida og nedom, samstundes som han laga ei flat braut. Han hadde ymse reguleringar av jarn so han kunde køyrast både vegar.

Då me fekk jordbrukspelet (i 1942) vart det brukt til å dra slipesteinen, plogar, harver, moldskuffa, kjerra ja slåmaskina opp (og ned). Me sette eit styrehjul på hesteslåmaskina. Elles so køyrdé me høyvogni frå bakkane nedanfor løa opp i tunet full med både turrhøy og silogras.

Eg laga ei liti sleperiva for hand. Etterpå teikna eg ei som ein verkstad laga til meg av jarn.

Ein bror til godfar fann ei stabil vassåra so me har hatt bra tilgang på vatn. Men etter at me fekk avansert og vasskrevjande mjølkeitstyr i floren, har det i turkeperiodar ikkje vorte nok. Me har lote køyrt litt både sumar og vinter. Det er meir vass-bruk i huset óg.